

Uttale frå Kvinnherad turlag, etter synfaring langs Hellandselva 03.06.21. Ref. 201406675-37.

Kvinnherad Turlag deltok på synfaring med NVE, SKL og andre interessentar 03.06.21. Kvinnherad Turlag opprettheld kravet om borehol, for å best mogleg ivareta sårbart terreng, natur- landskaps- og friluftsverdiar. Som representantar frå NVE fekk sjå på synfaringa, er dette området prega av fin furuskog og berggrunn. Slik natur vil ta svært lang tid å revegetere/tilbakeføre, og inngrepa vil for dette området både på kort og lang sikt bli merkbart større med røyrgate enn med borehol.

På synfaringa (og i SKL sin endringssøknad) blir tre hovudårsaker trekt fram til at SKL nå søker om røyrgate heller enn borehol på øvste strekinga av traseen i planlagte Onarheim kraftverk. Me har nokre kommentarar til desse årsakane:

1. **Drikkevatn.** Då SKL i første runde søkte om konsesjon for å bygge Onarheim kraftverk, innstilte administrasjonen i Kvinnherad kommune negativt til dette, grunna uro for drikkevatnet. Denne uroa kom også opp under synfaringa 03.06.21. SKL har imidlertid fleire gonger tidlegare, både i søknad¹ og tidlegare synfaringar, forsikra at dei har gode rutinar for å sikre drikkevatn. Me reknar med at SKL, som erfaren utbyggjar, framleis har gode rutinar for dette – også med borehol, slik dei lova i første fase.
2. **Teknisk vanskeleg med borehol, fordi inntaket si plassering er endra etter den opprinnelege søknaden.** Me kan forstå at borehol ville vore betre eigna ved det opprinnelege inntaket oppe ved Bremstølen. Det er likevel fleire år sidan SKL søkte om alternativt inntak, og i den søknaden (06.07.2018, s. 2+4) kunne me lesa:

Dette alternativet gir et borhull som blir om lag 435 m langt, det vil si om lag 170 m kortere enn alternativet i konsesjonssøknaden. (...) Det er ingen andre endringer i tiltaket. (...) SKL mener det er små eller ingen negative konsekvenser av å flytte inntaket, utover redusert kraftproduksjon.

Det gjekk to år frå denne søknaden til løyve vart gitt. Det burde vore god tid til å komme med ein endringssøknad før løyve vart gitt. Me undrar oss over om det ville blitt gitt konsesjon i det heile, om det i søknaden i 2018 vart søkt om utbygging med røyrgate langs heile traseen. Den gong argumenterte SKL for at dei ville ta spesielle omsyn til natur- og friluftsliv, sidan dette er eit svært mykje nytta friluftsområde, og at dette var ein av grunnane til å nytte nettopp borehol. På synfaringa 03.06.21 vedgjekk SKL at bruk av borehol på den øvste strekinga var mangelfullt utgreid på førehand. Likevel seier dei at om dei ikkje får løyve til å bygge røyrgate, vil dei nytte borehol. Me forstår det difor slik at dei har teknologien og kunnskapen som skal til for å få dette til, og meiner det må vere grunn nok til å halde seg til opprinneleg plan.

¹ Konsesjonssøknad om Onarheim kraftverk (september 2017) skriv SKL, under tittelen borehull (s. 22): «Hellandselva blir brukt til drikkevannskilde til kommunen, og det vil derfor bli tatt ekstra hensyn for å unngå at fínsedimenter lekker ut i elva.»

3. **Økonomi.** Me har forståing for at røyrtrase gir lågare utbyggingskostnadar enn borehol, og at dette difor er eit betre alternativ for utbyggar. SKL har likevel gjort det klart at om dei får løyve til å bygge røyrgate heile vegen eller ikkje, vil dei uansett gjennomføre utbygginga. Det økonomiske tapet vil med andre ord ikkje bli så stort at prosjektet ikkje blir tenleg for utbyggar. Borehol var i førre runde eit kompromiss for å til ein viss grad møte verdiar som landskap, natur og friluftsliv. Desse verdiane må også nå takast med i rekneskapet denne gongen.

Naturinngrep:

Det er ingen tvil om at naturinngrepa blir langt større ved røyrgate enn ved borehol i det sårbare terrenget med furuskog og berggrunn. SKL måtte vedgå på synfaringa at det må sprenging til for å «grave ned» røyra i dette skrinne terrenget. Det må også lagast anleggsveg, som nokre stadar vil gå på kryss og tvers av lia, då det vil vere for bratt å følgje røyrtraseen heile vegen. Røyrtraseen krev felling av tre, graving og sprenging. Lia vil i enda større grad bere preg av å vere eit anleggsområde med røyrgate enn med borehol.

Hellandselva ligg i gangavstand til dei største bygdene i Kvinnherad. I ein kommune der over 90 % av vassdraga allereie er utbygd, har det vore av stor verdi å ha eit friluftsområde som Hellandselva og Bremstølen så lett tilgjengeleg for så mange – eit område utan store tekniske inngrep. Området er eit av dei mest brukte turområda i kommunen. Det var eit stort tap for natur- og friluftssinteresser då løyve til utbygging av Hellandselva vart gitt. Løyve til røyrgate heilt opp blir opplevd som eit enda større overgrep, og me ber NVE om å hindre dette.

Me vil avslutte med å sitere nokre politikarar i formannskapet i Kvinnherad kommune, og minner om at dei også stiller seg negative til SKL sin endringssøknad:

«(...)Det er i det heile underleg at SKL kjem med alternativ søknad etter at løyve er gitt. Då konsesjonen blei gitt, var det med vilkår om at utbygginga skulle vera så skånsam som mogleg, og dei siste 400 meterane er meir sårbare enn resten av terrenget. Det kan ta 100-200 år før furuskogen er tilbake.(...)» Marit Årthun, KrF.

«Eg delar oppfatninga om at vi skal vera reielege. Når det blei seld inn som kompromiss å ta ned inntakspunktet, så er det ikkje ryddig å koma attende med omkamp på denne tunnelloysinga.» Ove Lemicka, FrP. ²

Kvinnherad Turlag

² <https://www.kvinnheringen.no/omkampen-for-te-ikkje-fram-fleirtalet-i-formannskapet-sa-pa-nytt-nei-til-endringssoknaden-til-onarheim-kraftverk/s/5-27-261016?fbclid=IwAR0s8noEfJk3CjibYjv9nlE9JOZwXIzwpC3Hny27HY8dgIB-LIuJcpbcu2Y>